

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 12.03.2018
Vår ref.: 2018/320-9
Saksbehandlar: nilelde
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Høyring - søknad om mellombels fritak frå krav om løyve for transport med personbil

I søknad av 26.1.2018 (vedlegg 1) har Exin.no AS søkt om fritak frå krav om løyve for transport med personbil.

Søknaden er grunngjeve med at dei ønskjer å utvide tilbodet sitt og planlegger å gjennomføre guida turar rundt om i Hordaland i 2018. Turane vil gjennomførast med minibuss der sjåføren er guide. Dei ønskjer å tilby sykkel- og fjellturar til Osterøy og Folgefonna.

Det følgjer av yrkestransportlova § 21 første ledd, jf. yrkestransportforskriften § 23 første ledd, at departementet i forskrift eller i einskildvedtak kan fastsetje unnatak frå krav om løyve for særskilde slag transportar eller motorvogner dersom det ikkje er i strid med internasjonal avtale der Noreg er part. I rundskriv N-7/2017 (vedlegg 2) har Samferdselsdepartementet i samsvar med yrkestransportlova § 15 delegert denne myndigheita til fylkeskommunane.

Departementet opnar i rundskrivet for at det kan gjevast fritak frå kravet om løyve for småskala turistverksemd der det er naudsynt å tilby persontransport som ein tilknytt del av eit opplevingsarrangement. Løyvefritaket skal berre gjelde for transport av eigne kundar til og frå aktivitetane som innehavar av løyvefritaket sjølv er arrangør av. Transporten må skje i tilknytning til sjølve arrangementet, ved at transporten berre er ein underordna tilleggsyting som vert utført av verksemda fram til reisemålet. For å få godkjent søknaden må ei rekke objektive vilkår være oppfylt. Vi viser til rundskrivet kor desse er lista opp.

For at fylkeskommunen skal godkjenne søknaden må ein vidare gjennomføre eit individuelt skjønn ut frå ei vurdering av om den tenesta som søknaden er basert på kan verte utført ved å nytte eksisterande løyvehavarar til transportdelen. Dette inneberer at løyvestyresmakta må vurdere konkurranseflata mot både drosje og turvogn. Søknader skal derfor sendast NHO Transport, Norges Turbileierforbund, Norges Taxiforbund og NHO Reiseliv på regionalt nivå, før ei eventuell godkjenning vert gjeve.

I samsvar med kravet om høyringsrunde før ei eventuell godkjenning av søknaden, sender vi Exin.no AS sin søknad på høyring til NHO Transport Hordaland, Norges Turbileierforbund, Norges Taxiforbund avd. Hordaland, og NHO Reiseliv Vest-Norge.

Det vert satt frist til 2.4.2018 til å kome med fråsegn i saka.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Nils Tore Eldegard
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
EXIN.NO AS

Vedlegg:

- 1) Exin.no sin søknad av 26.1.2018
- 2) Samferdselsdepartementet sitt rundskriv N-7/2017 av 20.11.2017